

Resultat/KTV 2012				
	2012		2011	
Medlemspengar		1 800.00		6 000.00
Overnattingar		31 520.00		19 180.00
Gebyr/renter	16.00		5.02	
Straum	5 308.55		7 451.80	
Kom.avg./renovasjon	6 262.50		6 199.04	
Forsikring	4 818.00		4 500.00	
Driftsutg./vedlikehald	9 737.00		5 169.00	
Overskot	7 177.95		1 855.14	
	33 320.00	33 320.00	25 180.00	25 180.00
Balanse				
	31.12.12		31.12.11	
Postbanken	17 402.70		11 362.46	
Sunnabu	150 000.00		150 000.00	
Kreditor: Lars Olav		49 466.59		50 604.59
Lån medlemmer		80 000.00		80 000.00
Eigenkapital		37 935.82		30 757.87
Ørebalanse		-0.29		
	167 402.41	167 402.41		
Endring eigenkapital		7 177.95		
Rekneskap for 2011 og førebels rekneskap for 2012				
Revidert rekneskap for 2012 vil koma på internettssidene før årsmøtet.				

Rekneskap

Førebels tal for 2012 viser eit overskot. Overnattingar har auka ved aktiv bruk av Finn.no. Driftsutgiftene har auka mellom anna pga dyrare parkering og utgifter til parabol-TV. Tidlegare er ikkje utgiftene til Canal Digita blitt belasta hytta. Når vi leiger til eksterne og reklamerer med TV, er det rimeleg å rekna dette som driftsutgifter. Abonementet står på frys i 5 månader. Då har vi likevel NRK-kanalane, så kostnadene er berre ca kr. 1600,- i året.

Vi har ikkje investert mykje på hytta i det siste, og vedlikehaldet har lege på eit minimum. I mange år tidlegare har hytta gått på underskot med veksande bruk av kassakreditt. Den auka likviditeten bør vel gå til nedbetaling av kassakreditten og til nødvendig vedlikehald. Det er ikkje rom for store investeringar.

Sunnavind *God Jul!*

Meldingsblad for Bygdelaget Sunnhordlendingen. Nr. 1 2012
93. årg Nettversjon: <http://sunnhordlendingen.no/sunnavin.htm>

Dette nr av Sunnavind blir sendt ut til nokre fleire enn dei som står registrert som medlemmer i dag. Dersom du vil bli registrert som medlem igjen, kan du betale inn kr. 200,- til konto **0540.08.55937**.

Følg med i kva som skjer på www.sunnhordlendingen.no

Det var kalla inn til årsmøte fredag 16. Mars på Sunnabu, men det kom noko i vegen så møtet vart utsett. No prøver vi igjen og avviklar årsmøte både for 2012 og 2013 i januar:

Årsmøte i Bygdelaget Sunnhordlendingen

Torsdag 17. Januar
2013

Stad: Hjø Kirsti og Lars
Olav, Ravnestølen 178.

Sakliste:

1. Årsmelding for 2011 og 2012.
2. Rekneskap for 2011 og 2012.
3. Medlemskonting.
4. Drift av Sunnabu.
5. Val.
6. Eventuelt.



Utskifting av roten kledning i silregn

Meld frå til tlf. 90616359 om du kjem på årsmøtet. Følg også med på internettssidene for oppdaterte sakspapir og annan informasjon.

Plan for drift av hytta våren 2013:

(sjå også <http://sunnhordlendingen.no/utleige.htm>)

Ei helg kvar månad disponibel for alle medlemmer: Hytta blir då ikkje utleigd dersom nokon melder seg interessert i å koma (frist torsdag):

18.-20. januar: Sesongstart. 15.-17. februar: Vin- og biffkveld. 15.-17. mars:

Veterantreff. 19.-21. april: Solbading.

Alle andre helger og veker prøver vi å leige ut til medlemmer eller andre.

Fordeling av hytta skjer slik i sesongen (januar-april):

For utleige ei helg:

Fordeling skjer torsdag kl. 19.00 8 dagar før utleige. Alle som har meldt seg innan den tid, vil bli vurdert. Medlemmer har fortrinnsrett. Dersom ingen har meldt seg, gjeld "først til mølla" etter det tidspunkt. Inntil ei helg kvar månad kan "seljast" på førehand utan tidsfrist til eksterne/interne leigetakarar. Hyttestyret kan dermed straks svare ja på forspørslar om hytteleige framover i tid.

Dei helgane hytta står disponibel for medlemmer (ei helg kvar månad):

Dersom ingen har meldt seg interessert i å nytta hytta før torsdag (1 dag før helga), kl. 19.00, kan hytta leigast ut etter prinsippet "først til mølla". Når hytta ikkje er utleigd (dvs. vanlegvis) er hytta disponibel for spontan oppreising etter avtale med hyttesjef.

Vinterferie 2013 (26. februar-1. mars)+helga før eller etter:

Utleige til markedspris (min kr. 5 000 for eksterne, kr. 3 500 for medlemmer).

Tildeling mellom dei som har meldt interesse, torsdag 10. januar kl. 19.00.

Dersom ingen har meldt seg før dette tidspunkt, så blir hytta leigd ut til eksterne eller medlemmer etter prinsippet "først til mølla".

Påskeferie med palmehelg 2012 (22. mars – 1. april) (kan f.eks. delast i to):

Fordeling skjer torsdag 17. januar kl. 20.00 mellom dei som har meldt seg interessert til dess. Etter det skjer tildeling etter prinsippet "først til mølla" eller hyttestyret kan velja å leiga ut komersielt dersom det er ledig tid.

21 medlemmer i Sunnhordlendingen i 2011 (dei som betalte giroane som vart sendt ut i desember 2011):

Britt Karin Hegdal, Atle Jan Røyrvik, Atle Tornes, Anne Britt Tornes, Anne Sofie Totland, Kari Aarbakke, Alf M. Bakke, Inga Tveito, Kirsti Havikbotn, Lars Olav Tveita, Olav Kvernenes, Per Aga, Gunnbjørg Skålevik, Jan Steinar Urdshals, Anne Marie Havnelid, Olav Bjørgen, Reidun Rusås, Reidar Rusås, Vegard Havikbotn, Ragnhild Hanssen Nedrevåg, Ronny Nerdevåg.

Styre i Bygdelaget Sunnhordlendingen.

I denne perioden har desse vore i styre

Formann: Lars Olav Tveita Kasserar: Vegard Havikbotn

Skrivar: Jan Steinar Urdshals. Styremedlem: Ronny Nedrevåg

Varamedlemmer: Per Aga, Atle Jan Røyrvik, Inga Tveito.

Ettersynsmenn: Atle Jan Røyrvik og Atle Tornes.

Rådet:

Kari Årbakke 5 år Atle Tornes 4 år Kirsti Havikbotn 3 år

Anne Sofie Totland 2 år Olav Bjørgen 1 år

Årsmelding 2012 for Sunnhordlendingen.

Medlemstalet stabiliserer seg på vel 20. Det er ikkje kome til nye medlemmer siste året.

Sunnabu.

Det er stort sett dei samme medlemmene som brukar hytta kvart år, men etter at vi tok til å annonsere på Finn.no, har vi hatt vesentleg større bruk av hytta. Det er framleis mykje ledig tid, særleg etter 1. mai. Vi minner om at dei som ytte rente- og avdragsfritt lån til oppgradering av hytta i 2001, kan disponere hytta gratis frå 3 til 7 dagar kvart år utanom skisesongen – dvs mellom mai og desember. Det er ingen som har nytta seg av dette. Dei kan og på eige initiativ leige ut hytta i ledig tid i den samme perioden, og på den måten få tilbakebetalt deler av lånet. Det er heller ikkje nokon som har nytta seg av dette. Dei som leiger ut, må ta seg av for- og etterarbeid, mellom anna sjå til at hytta er i presentabel stand.

Har du naboar eller kolleger som kan tenkja seg å leige hytta, så gi dei adressa:

<http://sunnhordlendingen.no/hytte.htm>

Dugnadsarbeid.

Veggen mot aust hadde ein del rotne bord i kledningen. I haust vart dei skifta ut saman med vinduslister. Nederste kledingsbordet på Gamleheimen ligg under snøen halve året. Det var no på tide å skifte det også ut med trykkimpregnerte materialar. Det vart før påske kjøpt inn mikrobølgeovn. Den har no fått plass ved sida av komfyren. Elles er det utført ein del rutinemessig vedlikehald. Vi er tom for takstein av typen 12x18 " lappskifer. Så dersom du kjenner nokon som tilfeldigvis har slik på lager, så ta kontakt.

Dei gamle vatt-teppa på loftet er gradvis på veg ut. Det er kjøpt inn ein del nye dyner og puter. I stova har det lenge vore etterlyst eit salongbord, så no har vi prøvd å erstatte bordet i "frukost-kroken" med eit salongbord. Det var ganske koseleg, så dersom vi får på plass til ein liten hjørnesofa der og erstatta TV-apparatet med ein meir diskret flatskjerm, vil det bli ein fin salong.